

7

RV567 HAUGE - LONEVÅG

REGULERINGSFØRESEGNER

Plannummer 1253 2008 1200

§ 1. GENERELT

Det regulerte arealet er på planen vist med reguleringsgrense. Innanfor denne grensa skal arealet nyttast som vist.

I samsvar med § 25 i plan- og bygningslova er arealet regulert til følgjande formål:

- Byggeområde, industri
- Offentlege trafikkområde
- Spesialområde
- Fellesområde
- Kombinerte område

§ 2. FELLESFØRESEGNER

- 2.1 Føresegnene gjeld innanfor ramma av Plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter for Osterøy kommune.
- 2.2 Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande reguleringsføresegner er stadfesta, kan det ikkje inngåast privatrettslege avtalar som er i strid med planen og føresegnene.
- 2.3 Når særlege grunnar talar for det kan kommunen gjera unntak får desse føresegnene innanfor reglane i Plan- og bygningslova.
- 2.4 Sideterreng langs vegane skal utformast i harmoni med terrenget i område. Murar, tunnelportalar, brukonstruksjonar og liknande skal utformast på ein gjennomtenkt og heilskapleg måte.
- 2.5 Riggareal for veganlegget kan opparbeidast i anleggstida innanfor regulert areal til "offentlege trafikkområde" eller område regulert til kombinerte føremål. Før veganlegget vert opna skal område som vert nytta til riggområde opparbeidast og setjast istand i samsvar med føresegnene i reguleringsplanen. Vegutbyggjaren er ansvarleg for at arbeidet vert utført.
- 2.6 For eigedom gnr 4, bnr 50 skal det gjennomførast støyvurdering og eventuelt etablerast tiltak i samband med opparbeiding av veganlegget.

§ 3.
BYGGEOMRÅDE, INDUSTRI

Område skal nyttast til industriformål i tilknytning til eksisterande verksemder. Ein mindre del av området ligg i frisktsona for offentleg veg.

§ 4.
OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE

Offentlege trafikkområde omfattar:

- a. Køyreveg
- b. Anna veggrunn
- c. Gang- og sykkelveg/ fortau
- d. Kai
- e. Anna veggrunn, vassflate bekk
- f. Trafikkområde i sjø

Nye køyreveggar og gang- og sykkelveggar skal ha linjeføring og høgd som vist på planen.

Kulverten for gang- og sykkelvegen på Hauge skal ha ei lysopning $b \times h$ på $3,0 \times 3,0$ m.

Brua over Lonevågen skal ha eit fritt seglingsløp $b \times h$ på $20 \times 7,5$ m.

Driftsavkjørsler frå offentleg veg skal berre nyttast til driftsføremål. Det vil ikkje vera tillate å nytta desse som avkjørsle til bustader, mm.

Anna veggrunn omfattar sideareal som vegskråningar, skjeringar, friskt-soner og anna areal som er nødvendig for opparbeiding av veganlegget. Innan området kan det oppførast tekniske bygg og andre installasjonar for drift av tunnelen mm. Når anlegget er ferdig skal areala stellast til slik at dei får heilskapleg og tiltalande utsjånad.

Området for kai skal nyttast til landområde for kaianlegg.

Område for anna veggrunn, vassflate skal nyttast til bekk. Bekk som må leggjast om skal utformast på ein naturleg måte og opparbeidast mest mogeleg lik bekken som vert tilslutta. Bekk som ikkje er i direkte konflikt med veganlegget skal oppretthaldast med sitt naturlege løp. Kantvegetasjon langs bekken skal i størst mogleg grad bevarast.

På trafikkområde i sjø kan det gjennomførast tiltak som er nødvendige for å byggja brua over Lonevågen. Tiltak i sjø som fell inn under føresegner i havne- og farvannslova skal godkjennast av Kystverket.

§ 5.
FELLESOMRÅDE, FELLES AVKJØRSLE

Regulerte felles avkjørsle skal vere felles for følgjande eigedomar:

- Felles avkjørsle frå offentleg parkeringsplass på Hauge er felles for gnr/bnr. 4/10, 20, 36, 4/4, 4/96.
- Felles avkjørsle/felles skogsbilveg med tilknytning til offentleg vegnett ved kryssområde i Hagedalen er felles for gnr/bnr. 2/1, 2/2, 2/3, 3/1, 3/2, 3/3, 3/4, 4/4, 4/5, 9/2, 10/1, 10/2, 10/3, 10/4, 11/1, 11/3, 141/3, 141/7.

Regulerte felles driftsavgjørsle skal vere felles for følgjande eigedomar:

- Driftsavgjørsle frå felles avkjørsle Hauge profil 100 er felles for gnr/bnr 4/4 og 4/96.
- Driftsavgjørsle frå Rv 567 ved profil 970 skal vera felles for gnr/bnr. 4/4 og 4/5.
- Driftsavgjørsle frå veg mot Hjellvik ved profil 180 skal vera felles for gnr/bnr. 9/1 og 9/3.

Driftsavgjørsler skal berre nyttast i samband med drift av dei areala som naturleg soknar til avkjørsla.

§ 6.
SPEIALOMRÅDE, FRISIKTSONE

I område mellom frisiktlinja og vegformål (frisiktsona) skal det ved kryss og avkjørsler vera fri sikt til vegbana.

§ 7.
KOMBINERTE FORMÅL

Kombinerte formål omfattar:

- a. Anna offentleg veggrunn, tunnel/jord- og skogbruk
- b. Anna offentleg veggrunn, bustad
- c. Anna offentleg veggrunn, tunnel/bustad.
- d. Anna offentleg veggrunn/jord og skogbruk.
- e. Felles skogsbilveg/offentleg kjøreveg, tunnel
- f.. Jord og skogbruk/vesentlege terrenginngrep

På område for anna offentleg veggrunn, tunnel/jord og skogbruk skal terrengoverflata nyttast til jord og skogbruk. Fjellet under skal nyttast til vegtunnel. På område er det ikkje tillate med tiltak i grunnen som kan påverke vegtunnelen.

Området for anna offentleg veggrunn/bustad skal i anleggstida kunne nyttast til riggområde for veganlegget. Etter at veganlegget er ferdig opparbeidd skal området nyttast til bustad. Tillate utbygd areal (BYA) 20 %. Maksimal mønehøgde 7 m.

På område for anna offentleg veggrunn, tunnel/bustad skal terrengoverflata nyttast til bustadområde og fjellområde under til vegtunnel. For bustadområdet er maksimalt tillate utbygd areal (BYA) 20 %. Maksimal mønehøgde er 7 m. På området er det ikkje tillate med anlegg/borehol djupare enn 8 m under terrengoverflata. Eksisterande bustader regulerast med eksisterande høgde og grunnflate.

Område for anna offentleg veggrunn/jord og skogbruk kan i anleggstida nyttast til riggområde. Etter at anlegget er ferdig skal areala som ikkje naturleg høyrer til veganlegget nyttast til jord og skogbruk og utformast som tilgrensande jord- og skogbruksareal.


På område for felles skogsbilveg/offentleg kjøreveg, tunnel skal terrengoverflata nyttast til skogsbilveg. Fjellet under skal nyttast til offentleg kjøreveg, tunnel. På område er det ikkje tillate med tiltak i grunnen som kan påverke vegtunnelen.

Område for jord og skogbruk/vesentlege terrenginngrep ved Borgovatnet skal nyttast til deponering av jord og steinmassar. Oppfyllingsnivå skal tilpassast etter tilgjengelige massar, men det kan ikkje plasserast meir enn 150.000 m³ masse (rekna som utlagt masse) i deponiet. Største høgde skal ikkje overstige kote + 46. Området skal planerast og tilpassast terrenget i område og opparbeidast med ei form som harmonerer med tilgrensande areal. Heile området skal dekkast med jord. Jordlaget skal være minst 1,0 m tjukt.

Område for jord og skogbruk/vesentlege terrenginngrep i Haugedalen skal nyttast til deponering av jord og steinmassar. Oppfyllingsnivå skal tilpassast etter tilgjengelige massar, men det kan ikkje plasserast meir enn 140.000 m³ masse (rekna som utlagt masse) i deponiet. Området skal planerast og tilpassast terrenget i område slik at ein opprettheld dalforma. Dalsidene skal ha fall som harmonerer med tilgrensande areal. Heile området skal dekkast med jord.

Dagsett 20.11.08
Revidert 16.01.09

Vedteke 21.01.09 Osterøy kommune



TEKNIKKORCLARING
PLAN OG BYGNINGSLOVA (PBL) § 25

BYGGESOMRÅDE
 PBL § 25 1. ledd nr. 4
 Område for industri/lager (I40)

OFFENTLIGE TRAFIKOMRÅDE
 PBL § 25 1. ledd nr. 3

Næring (G10)
 Annen veggrunn (som er medf. for 4 andre areal II. vegnr) (G19)
 Gang-/sykkelveg/turistau (G20)
 Kai (G80)
 Trafikkorridor i sjø (G90)
 Annen veggrunn vassfarete bekk (G98)

SPECIALOMRÅDE
 PBL § 25 1. ledd nr. 6
 Frisiktsone ved vei (640)

FELLESOMRÅDE
 PBL § 25 1. ledd nr. 7
 Felles utkjørte (F10)

KOMMUNERTE OMRÅDE
 PBL § 25 2. ledd



Tunnel/land og skogbruk (990)
 Annet offentlig veggrunn/veig (990)
 Felles utkjørte/veig/ offentlig næring, tunnel (990)
 Annet offentlig veggrunn/land og skogbruk (990)
 Land og skogbruk/vesentlige ferrengnings (990)

STREKSSYMBOL MM

planens grense (100)
 formålsgrænse (100)
 regulert sentrerte veig (122)
 regulert skiltete (122)
 mur
 DR
 offentlig utkjørte
 stjerking
 flyting

DR
 offentlig utkjørte
 stjerking
 flyting

tunnel/delag (125)
 bygning som rivaat (125)
 bygning som kople i planen (124)



Plan omfatter følgende planer:
 Plan nr. 564/15, Av 541 Hauge-Lonevåg, vedtatt den 18.06.03
 Plan nr. 564/21 Børnelyst, av 18 Lonevåg, vedtatt den 16.02.04
 Plan nr. 567 Hauge-Lonevåg, vedtatt den 16.02.04

Reguleringsplan med tilhørende forespørger for
Reguleringsplan for RV 567 HAUGE-LONEVÅG

SAKSHANDSOMNING FØLJER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Oppstart forsegling	Dato	Dato planlagt	Dato forespørger
1. gangs behandling i det fjerde utvalget for plan saker	16.02.08	20.01.08	20.01.08
Offentlig ettersyn Trå - II	16.02.08 - 16.05.08	20.01.08	20.01.08
2. gangs behandling og vedtak i medhold av kommunelova §11 i det fjerde utvalget for plan saker	21.01.09	20.01.08	20.01.08
Kommisjonen, Trå - II	23.01.08 - 16.02.08	20.01.08	20.01.08

Plan nr. 1253 2008 1200

SWECO

Planen er i samsvar med det siste utvalget for plan saker eller vedtak av